

Tenesterapportering pr oktober 2015 med oppdatert prognose.

alle tal i heile 1000 kr

Teneste-område	Budsjett 2015	Rekneskap pr 31.10.15	Rest budsj. 2015	Påløpt % av bud.	Progn. 2015	Avvik budsj. - progn.	Kommentar:	
10	POLITIKK / RÅDM. KONTOR	17 193	13 719	3 474	79,8	17 193	-	Faste løner, statleg HTV og pensjon er noko for lågt budsjettert, men avviket kan sjåast mot ikkje-fordelt lønsbeløp på kr 1,1 mill. Refusjonar frå NAV ligg høgare enn budsjettert (høg aktivitet på tilskot), i tillegg kom Kommune- og fylkestingsvalet godt ut i høve det oppsette budsjettet. Møtegodtgjersle for 2. halvår er ikkje belasta; dette vil utgjere ein relativt stor sum. Målet er å komme ut i balanse for område 10 totalt sett.
11	ØKONOMI-KONTOR	8 540	8 064	476	94,4	8 540	-	Økonomikontoret reknar med å kome ut innanfor ramma for 2015, sjølv om ein har hatt høgare kostnader enn budsjettert til kurs og opplæring som følgje av mange nyttilsette på avdelinga. %-påløpt er høgt med 94%. Ein del refusjonar er ikkje ført, og nokre kostnader skal periodiserast og fordelast til andre, slik at status reelt sett er betre enn rekneskopen hittil i år syner.
12	ØKONOMI / FINANS	-404 000	-336 074	-67 926	83,2	-403 300	-700	Summen av skatteinngongen og rammetilskot ser ut til å vert kr 700.000,- lågare enn budsjettert grunna lågare folketal pr 1.1.2015 enn rekna med i budsjettet for 2015. I tillegg kjem nasjonal skattesvikt i 2014 og 2015 som ikkje fullt ut vart dekkja inn gjennom revidert nasjonalbudsjett våren 2015. Skatteinntektene per oktober er noko høgare enn berekna, både for Meland og nasjonalt, men vi må vente på novembertal for å kunne seie noko om korleis utviklinga vert totalt for året. Lågare rentenivå enn budsjettert så langt i 2015, men mogeleg innsparing ikkje berekna i detalj.
13	INTERKOMM. IKT OG BRANNVERN	13 020	12 141	879	93,2	13 420	-400	Ingen forventa avvik på IKT. Brannvernet: Feil i grunnlag for berekning av pensjonskostnadane gjer at desse vert høgare enn berekna. I tillegg har ein meirforbruk knytt til etablering av nytt naudnett og auke i husleige, og brannvernet kjem difor dårlegare ut enn budsjettert. Det har det og vore ein auke i variable løner grunna fleire alarmer, samt uveret "Nina". Avviket er foreløpig berekna til kr 400.000,-
14	RÅDGJEVAR-TENESTE	9 182	6 447	2 735	70,2	9 182	-	Forventar meirkostnad til gjesteelevar i annan kommune, men andre innsparingar gjer at tenesteområdet forventast å koma ut innanfor budsjett.

Teneste-område	Budsjett 2015	Rekneskap pr 31.10.15	Rest budsj. 2015	Påløpt % av bud.	Progn. 2015	Avvik budsj. - progn.	Kommentar:	
15	Private barnehagar	74 991	64 610	10 381	86,2	74 991	-	Noko usikkert korleis refusjonar for born frå andre kommunar/ born frå Meland i barehage i andre kommunar. Ny ordning med redusert foreldrebetaling fra mai/ gratis kjernetid har så langt gjeve utbetalningar på om lag kr 100.000,-. Uvisst kor mange nye søknader som vil kome i løpet av hausten. Reknar med å dekke dette innanfor eksisterande ramme, slik at vi ikkje forventer avvik i frå fordelt ramme totalt i 2015.
19	PPT	1 987	1 723	263	86,7	1 987	-	Ingen forventa avvik så langt.
20	Kommunal Barnehage-drift	5 420	4 408	1 012	81,3	5 420	-	Marihøna har sålangt i år hatt fleire langtidssjukemeldingar, og dermed også høgt vikarforbruk. Dette er stort sett dekkja inn med sjukepengerefusjonar.
21	GRASDAL SKULE/SFO	10 735	8 959	1 776	83,5	10 735	-	Særlege utfordringar knytt til kostnad i SFO, men auke i foreldrebetalinga og refusjonsinntekter er høgare enn budsjettet og dekker delvis meirkostnadane. Som følgje av nye flyktningeborn har vi hatt behov for å auke tilbodet vårt i grunnleggjande norsk med ein 17% stilling som vil verta finansiert med flyktningetilskot.
23	MELAND UNG.SKULE	18 108	13 544	4 564	74,8	17 708	-	Refusjon elevar frå andre kommunar er høgare enn budsjett, som gjer at rekneskapen hittil i år ser bra ut, sjølv om lønskostnadane i 2015 er høgare enn budsjettet. Planlagt større oppgraderingar av inveter/utstyr/læreverk som har samla seg opp over tid. Samla sett ser tenesteområdet ut til å kome innanfor ramma.
24	ROSSLAND SKULE /SFO	22 709	18 862	3 847	83,1	22 709	-	Auka assistentressurs vert til ein viss grad dekkja inn med andre innsparingar på personell. Fleire tilsette i permisjonar/sjukemeldingar, litt usikkert korleis tenesteområdet kjem ut med refusjonar. Ein del andre inntekter/refusjonar for 2015 ennå ikkje motteke.
25	SAGSTAD SKULE/SFO	26 153	20 908	5 245	79,9	26 153	-	Fleire postar i rekneskapen som er høgare enn det som er budsjettet, men dette vert balansert auka refusjonar. Med fleire klassar og elevar er det ikkje berre lønskostnadane som aukar, men ein må og auke opp andre driftspostar. Førebels noko usikker på korleis dette slår ut, men førebels ingen forventa avvik totalt for tenesteområdet.
26	VESTBYGD SKULE/SFO	14 060	12 432	1 628	88,4	14 460	-400	Noko overforbruk på faste løner som følgje av ekstra tilførte assistentressursar. Dette vert delvis dekkja via interne overføringar, refusjonar og omsøkte flyktningetilskot. Totalt reknar ein med eit meirforbruk på kr 0,4 mill.

Teneste-område	Budsjett 2015	Rekneskap pr 31.10.15	Rest budsj. 2015	Påløpt % av bud.	Progn. 2015	Avvik budsj. - progn.	Kommentar:	
30	HELSE	24 215	19 210	5 005	79,3	24 215	-	Auke i årsverk frå andre halvår gjer at månadlege utgifter går opp, som budsjettert. Største utfordring er at lokala ikkje strekkjer til. Psykisk helse og rus er styrka i løpet av året med tilskotsmidlar frå Fylkesmannen, påverkar ikkje budsjettet. Samla sett ligg tenesteområdet an til å liggja innanfor budsjettet.
35	SOSIALE TENESTER INKL. FLYKTN.	11 801	7 263	4 538	61,5	11 801	-	Ingen forventa avvik på sosiale tenester, men flyktningfondet vil auke meir enn forutsett grunna auka busetjing av flyktningar mot slutten av året.
36	BARNEVERN	9 297	8 114	1 182	87,3	9 297	-500	Tenesteområdet vil ikkje gå i balanse. Truleg meirforbruk på omlag kr 0,5 mill. Årsaka er fleire plasserte barn i statlege tiltak og utgifter nytta til tolk og sakunnig arbeid i flyktningfamilier. Noko av meirforbruket bør såleis kunne kompenseras ved bruk av midlar knytt til flyktningar.
37	MELAND SJUKEHEIM	38 011	30 431	7 579	80,1	38 011	-	I 2015 har ein teke i bruk fleire pasientrom. Korttidsavdelinga har opna 8 pasientrom og langtidsavdelinga har 18 pasientrom opne. Totalt er det pr okt 2015 i bruk 38 pasientrom ved Meland Sjukeheim. Samla sett ligg ein innanfor budsjettetramma pr 31.10.15.
38	MELAND HEIME-TENESTER	57 487	49 135	8 352	85,5	57 487	-	Samla sett ligg heimetenestene litt høgt i høve til budsjett, med forbruk 85,5%. Reelt sett er det noko mindre då det er eit etterslep på inntekter både i høve sjukefråvær og ressurskrevande tenester. Fortsatt bruk av ekstravakter på dagtid i helgene.
50	KULTUR-KONTOR	7 705	5 233	2 472	67,9	7 835	-130	Revidering av avtala om leige av undervisningsrom i Meland Aktiv gjer at Kultur kan koma kr 130.000,- dårlegare ut enn budsjettert.
60	PLAN, UTBYGGING OG KOMMUNAL-TEKNIKK	27 986	12 505	15 481	44,7	27 986	-	På inntektssida er dei samla gebyrinntektene stort sett i samsvar med budsjettet. For husleigeinntektene sin del, er inntektene om lag kr 200 000 høgare enn periodiseringa tilseier og budsjettet kan truleg nåast. Lønsbudsjettet innan drift og vedlikehald er for lågt, m.a. manglar midlar til utrykningar og annan beredskap. For vatn- og avlaup sin del er 3. avgiftstermin fakturert ut. Førebels er prognosen at avvika vil kunne bli dekkja ved justeringar innafor totalramma. Dei største usikre faktorane er gebyrinntekter på plan og byggjesak og komande vinterberedskap.
	Ikke identifisert mindreforbruk			-		-2 130	2 130	Vi reknar med at det på nokre av tenesteområda har mindreforbruk / innsparingar som ikkje er identifisert.

Teneste-område	Budsjett 2015	Rekneskap pr 31.10.15	Rest budsj. 2015	Påløpt % av bud.	Progn. 2015	Avvik budsj. - progn.	Kommentar:
Resultat/ avsetn. til disp.fond (minus betyr overskot)	-5 400	-18 366	12 965		-5 400	-	Budsjettert med overskot / avsetn. til disp. fond for 2015 på kr 5,4 mill. Per oktober reknar vi med å kome ut som budsjettert i 2015.